



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3111 - 23/56737

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
05.07.2023

Spørsmål til landbruksavdelinga om mellombels lagring av asfalt til landbruksveg er i tråd med LNF-føremålet

Landbruksavdelinga har motteke ein søknad frå gardbrukar om løyve til å bruka om lag 3 daa skog/utmarksareal til mellombels lagring av asfalt. (gjenvinning) Me stiller spørsmålet på generelt grunnlag fordi dette kan vera ein aktuell problemstilling på mange gardsbruk. Me har drøfta problemstillinga med plan- og byggesaksavdelinga som er samd i våre vurderingar.

Det er godkjent ein landbruksveg på bruket søkjar ynskjer å bruka gjenvunne asfalt som toppdekke fordi det vil gje mindre vedlikehald. I rettleiar for gjenbruk av asfalt i landbruksveg peika som aktuelt bruksområde. <https://www.asfaltgjenvinning.no/resources/files/Veileder-i-gjenbruk-av-asfalt-April-2023.pdf>

Løyve til lagring og bruk av asfaltflak krev løyve etter ureiningslova og dette er det statsforvaltar som handsamar og gir løyve til . Før statsforvaltar kan handsama slik søknad må kommunen ha godkjent arealbruken.

Me på landbruk er usikker på kva løyve og kva lovverk som er nødvendig i denne saka i høve til arealbruken.

Me tilet oss difor å be landbruksavdelinga hjå statsforvaltar om råd, og vonar at de kan ha ein diskusjon med andre aktuelle avdelingar.

Eit viktig spørsmål er om tiltaket i tråd med LNF-føremålet?

Slik me ser det er toppdekke på landbruksveg ein naudsynt del av ferdigstilling av eit veganlegg. I dette høve vil ein nytta gjenvunne asfalt som toppdekke i staden for grus.

Vår vurdering er dette ein del av behovet landbruksverksemda på bruket har. Lagring av byggematerial til godkjent landbruksveg er soleis innanfor LNF-føremålet, så lenge mengda er tilpassa behovet den konkrete landbruksvegen har.

Treng søknaden jordlovshandsaming.

Det er tale om midlertidig anlegg om lag 3 daa. Arealet er skogsmark og ikkje dyrka eller dyrkbar jord og treng difor ikkje løyve til om disponering etter jordlova.

Landbruksveg forskrifta

Etter landbruksvegforskrifta kan ein, utan søknad byggja velteplass/oppstillingsplass på inntil 450 m², med mindre enn 1 meter terrengendring. Tiltaket som her er brukt som døme er 3 daa og me meiner difor at det må søkjast byggjeløyve etter plan- og bygningslova.

Midlertidig

Vår tolking av midlertidig er maks 2 år etter PBL. Varigheit ut over dette vil krevja dispensasjon frå LNF-føremålet.

Konklusjon

Kommunen tek stilling til arealbruken. Ureiningslova vert handtert av statsforvaltar.

Vårt syn er at mottak og mellomlagring av brukt asfalt til knusing og bruk som toppdekke på landbruksveg er i tråd med arealformålet, og treng difor ikkje dispensasjon frå LNF.

Tiltaket vil vera søknadsplikt etter plan- og bygningslova. Storleik på plassen/mengde asfalt må samsvara behovet for landbruksvegen, og det må setjast vilkår om tilbakeføring og frist for gjennomføring.

Nasjonalt er det fokus på gjenbruk for å spara behovet for uttak av nye ikkje fornybare ressursar. Me ynskjer å bidra til dette.

Dette er første gongen kommunen har denne type søknad, og vår handsaming kan difor fort verta presedens.

Me ynskjer tilbakemelding om våre vurderingar er rette, og dersom statsforvaltar kjenner til døme frå andre kommunar er me takksame om desse kan delast.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

